

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 10.06.2024
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Berit Irene Haarklau
SAKA GJELD: **Saker til oppfølging etter styremøte**

ARKIVSAK: 2024/72
STYRESAK: **043/2024**

STYREMØTE: **21.06.2024**

Administrerende direktør si orientering pkt. 3

Saker til oppfølging etter styremøte i Helse Førde HF		
Møtedato/sak/tittel	Oppfølging	Status
22.11.2019 088/2019 Adm. dir. si orientering	<i>Styret ønskjer at AD orienterer om rapport som vert sendt til Helse Vest RHF 2 gonger årleg om lærlingar.</i>	Punkt til AD orientering: Kvart halvår sidan juni 2020
25.11.2021 073/2021 Prehospital plan fase 3	<i>Vedtak: Styret viser til bestilling gitt til administrerende direktør då styresak 007/2020 vart handsama i januar 2020, og gjer følgjande vedtak: Punkt 1-6, jf. styreprotokollen 7. Administrerende direktør skal orientere styret om framdrift i arbeidet med innføring av prehospital plan, og endringar i nasjonale føringar for tenestene.</i>	Styresak 26.01.2023 21.09.2023 23.05.2024 21.06.2024
26.01.2023 008/2023 Internrevisjonsrapport – Læring på tvers av uønska hendingar	<i>Styreleiar Krakhellen oppsummerte med at administrasjonen jobbar vidare med dokumentet, og at ein kan kome tilbake til styret når ein har fått arbeidd administrativt med oppfølging. Vedtak: Styret i Helse Førde tek saka til etterretning, og ber administrerende direktør starte arbeidet med oppfølging</i>	

	<i>av revisjonsrapporten med tiltak og planar for Helse Førde.</i>	
21.06.2023 042/2023 Nasjonal årsmelding 2022 frå Pasient- og brukarombodet	<i>Styreleiar Krakhellen oppsummerte med at styret held fast på at denne saka kjem innom styret som orienteringssak, då med noko lokal omtale. Styret vil utfordre Pasient- og brukarombodet om å ta opp to lokale problemstillingar som ho ønsker å diskutere med styret.</i>	Sak til 21.06.2024
21.09.2023 052/2023 Årleg gjennomgang av styrande dokument for styret i Helse Førde HF	<i>Styret kommenterte at det ved møtestart vert eit fast spørsmål om habilitet, med ny tekst i møteinnkallinga, også at dette er omtala i styreinstruks.</i> <u>Vedtak:</u> <i>2. Følgjande styrande dokument vert gjennomgått og oppdatert:</i> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Styreinstruks for Helse Førde HF ▪ Retningslinjer for leiarløn <i>3. Styret ber Helse Vest vurdere å oppdatere rettleiar for styrearbeid i helseføretak.</i> <i>4. Styret ser behov for at det blir utarbeidd ei rutine for eigenhandel i verdipapir, der Helse Førde har interesser. Styret ber Helse Vest vurdere om dette kan vere felles for Helse Vest, og om slik rutine kan innarbeidast i eksisterande styrande dokument.</i>	F.o.m. 26.10.2023 Brev sendt til Helse Vest Vedtekter oppdatert 22.05.2024
23.11.2023 076/2023 Plan for internrevisjon i Helse Vest og Helse Førde 2024-2025	<i>Styret ber om at det blir gjennomført revisjonshandlingar knytta til vedtekne risikoområder.</i> <u>Vedtak:</u> <i>1. Styret godkjenner plan for internrevisjon for Helse Førde 2024-2025, med dei kommentarar som har kome fram i møtet.</i> <i>2. Styret ber om at administrerande direktør overfor Helse Vest stadfestar saka som Helse Førde sitt innspel til internrevisjonsplan for Helse Vest 2024-2025, med dei kommentarar som har kome fram i møtet.</i>	
19.12.2023 083/2023 Budsjett 2024 – Helse Førde HF	<i>Styret ber administrasjonen ha ekstra fokus på nivå 3 og 4.</i> <u>Vedtak:</u> <i>1. Styret i Helse Førde HF vedtek årsbudsjett og investeringsbudsjett for 2024 i samsvar med framlegg frå administrerande direktør.</i> <i>2. Styret gjev administrerande direktør fullmakt til å gjere naudsynte justeringar/endingar innanfor ramma av vedteke årsbudsjett og investeringsbudsjett.</i> <i>3. Styret ber administrerande direktør om å halde fram arbeidet med å gjennomføre kostnadsreducerande tiltak i føretaket, med mål om å lukkast med å redusere overforbruket gjennom 2024. Helse Førde har som mål om at ingen fast tilsette skal miste jobben som følgje av tiltaka. Dette skal skje gjennom naturleg avgang og omplassering av fast tilsette. I alt omstillingsarbeid må</i>	

	<p><i>fokus vere på arbeidsmiljø, samt helse, miljø og tryggleik for tilsette og pasientar.</i></p> <p>4. <i>Styret ber om å få investeringsbudsjettet til ny behandling dersom føresetnadene i finansieringsgrunnlaget endrar seg.</i></p> <p>5. <i>Styret ber administrerande direktør følgje opp den økonomiske styringa i høve til budsjett og rapportere til styret gjennom 2024.</i></p> <p>6. <i>Styret ser at både årsbudsjett og investeringsbudsjett for 2024 er stramt og krevjande, med store krav om omstilling og endring, samstundes som føretaket skal gjennomføre ein større flytteprosess over i Liva-bygget. Skal Helse Førde oppnå ynskt omstillingseffekt er vi avhengig av gjennomgåande godt samspel i heile organisasjonen. Styret ber difor administrerande direktør følgje konsekvensane av budsjett-tiltaka nøye, særleg med tanke på HMS for tilsette, kvalitet i tenestene og pasienttryggleik. Styret ber om å bli orientert om status gjennom verksemdsrapport minst ein gong pr. tertial.</i></p>	
<p>25.01.2024 007/2024 Tenestetilbudet i Florø</p>	<p><u>Vedtak:</u></p> <p>1. <i>Styret ber administrerande direktør justere tenestetilbud og leigd areal i Florø frå 01.04.24 i tråd med saksutgreiinga. Administrerande direktør får fullmakt til å tilpasse tidspunkt for justering av drifta i høve pasientbehov og omstillingsarbeidet.</i></p> <p>2. <i>Helse Førde skal gjennomføre omstilling med mål om at fast tilsette ikkje skal miste jobben som følgje av tiltaket. I omstillingsarbeidet må fokus vere på arbeidsmiljø, samt helse, miljø og tryggleik for tilsette og pasientar.</i></p> <p>3. <i>Det skal arbeidast vidare med gode samhandlingsarenaer mellom helseføretaket og det kommunale tilbudet.</i></p>	
<p>25.01.2024 Tenestetilbudet innan TSB og tilbudet ved Tronvik</p>	<p><u>Vedtak:</u></p> <p>1. <i>Styret vedtek å legge ned drifta ved seksjon rus døgn Tronvik frå 01.05.24. Administrerande direktør får fullmakt til å tilpasse tidspunkt for avvikling av drifta i høve pasientbehov og omstillingsarbeidet. Styret har i vurderinga lagt vekt på kapasitet innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) i Helse Førde og Helse Vest og den samla rekrutteringssituasjonen for legar ved psykiatrisk klinikk.</i></p> <p>2. <i>Styret ber administrerande direktør gjennomføre kompensierende tiltak for å kunne ivareta behandlingsansvaret for pasientgrupper og for å sikre tilstrekkeleg kapasitet innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling.</i></p> <p>3. <i>Helse Førde skal gjennomføre omstilling med mål om at fast tilsette ikkje skal miste jobben som følgje av tiltaket. Dette skal skje gjennom naturleg avgang og omplassering av fast tilsette. I omstillingsarbeidet må fokus vere på arbeidsmiljø, samt helse, miljø og tryggleik for tilsette og pasientar.</i></p> <p>4. <i>Styret ber administrerande direktør etablere dialog med Høyanger kommune og eventuelt andre interessentar om eigedommen på Tronvik.</i></p>	
<p>14.02.2024</p>	<p><u>Vedtak:</u></p>	

<p>Mellombels omorganisering av avdeling for akuttmedisin, prosess for å greie ut endra organisering og tiltak som kan gi varig endring</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. For å sikre at alle tilsette i avdeling for akuttmedisin (AAM) har eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø, og for å ivareta kvalitet og pasienttryggleik, sluttar styret seg til administrerande direktør sitt forslag til mellombels omorganisering av avdeling for akuttmedisin, jf. punkt 6.0 i saksutgreiinga. 2. Styret støtter forslag til prosess for å vurdere framtidig organisering av tenesta som i dag er i AAM, jf. punkt 6.0 i saksutgreiinga. 3. Styret ber administrerande direktør iverksette pkt. 1 i forslag til vedtak snarast mogeleg. 4. Styret ber administrerande direktør halde styret orientert om saka. 	<p>23.05.2024 21.06.2024</p>
<p>23.05.2024 031/2024 Adm. direktør si orientering</p>	<p><u>Pkt 4 Oppfølging styrevedtak Tronvik – status</u> Styret etterspør ei jamleg orientering om oppfølging styrevedtak Tronvik.</p> <p><u>Pkt 5 Oppfølging styrevedtak Florø – endra tenestetilbod</u> Adm. direktør Varden sa at det blir jamleg orientering til styret.</p>	<p>Orientering 21.06.2024</p> <p>Orientering 21.06.2024</p>
<p>23.05.2024 033/2024 Økonomisk langtidsplan 2025-2029</p>	<p><u>Vedtak:</u></p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Styret syner til saksframlegget og vedtek økonomisk langtidsplan for Helse Førde HF for perioden 2025-2029 i samsvar med framlegg frå administrerande direktør. 2. Styret er uroa over den økonomiske situasjonen til Helse Førde i ØLP-perioden. Helse Førde har gjennomført tiltak for å tilpasse aktiviteten til dei økonomiske rammene. Arbeidet med nye, og til dels større, tiltak må halde fram for å halde aktiviteten innanfor dei gjevne økonomiske rammene. 3. Omstillingsarbeidet må ha høgt fokus på tenestekvalitet, pasienttryggleik og HMT for dei tilsette. 4. Styret ber administrerande direktør drøfte desse utfordringane med vår eigar, Helse Vest RHF. 	
<p>23.05.2024 034/2024 Prehospital plan – rapportering 2. halvår 2023</p>	<p><u>Vedtak:</u></p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Styret konstaterer at Helse Førde leverer gode og forsvarlege prehospitala tenester i samsvar med prehospital plan. 2. Styret ber administrerande direktør fremje sak for styret i junimøtet i år, der beredskapsavtalen med Redningsselskapet om supplerande kjøp av akuttmedisinske oppdrag vert evaluert. 3. Styret ber administrerande direktør fremje sak for styret i junimøtet i år, der ein evaluerer kjøp av tenester frå Skyss til beredskapsferje mellom Askvoll og Atløy. 	<p>Brev sendt til Vestland fylkeskommune 31.05.2024</p> <p>Styresak 21.06.2024</p>